



SELJORD KOMMUNE

MØTEPROTOKOLL

Utval: Arbeidsmiljøutval
Møtestad: Kommunestyresalen, Kommunehuset
Dato: 11.11.2021
Tidspunkt: 09:00- 14:30

Fylgjande faste medlemmer var til stades:

Navn	Funksjon	Representerer
Rikke Syvertsen Raknes	Leiar	Rådmann
Ronde Ingeberg Schade	Medlem	Kommunalsjef
Tone Bøhn	Medlem	HMS-ansvarleg
Øyfrid Garborg Sande Aufles	Medlem	UTDANNINGSF.
Sigbjørn Tvitekkja	Medlem	Hovedvernombod
Astrid Brockhus	Medlem	Bedriftshelsen
Vigdis Øverland	Medlem	FAGFORBUNDET
Beate Våge Lia	Medlem	Kommunalsjef

Fylgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

Fylgjande varamedlemmer møtte:

Navn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Til stades frå administrasjonen:

Navn	Stilling
Torunn Raffevold Rue	Kommunalsjef
Nina M. H. Bakkåker	Ass. einingsleiar Flatdal oppvekstsenter

Saksliste

Saksnr	Sakstittel	Arkivsak
	Saker til handsaming	
PS 27/21	Godkjenning av saksliste og innkalling	
PS 28/21	Godkjenning av protokoll frå forrige møte	
PS 29/21	Avvik som har kome inn	
PS 30/21	Orientering om sjukefråvær i 1. og 3. kvartal 2021	2021/2054
PS 31/21	Ny revidering av Personalpolitiske retningsliner	2021/2349
PS 32/21	Budsjett 2022 med handlingsdel, budsjett og økonomiplan 2022 - 2025	2021/3225
PS 33/21	Referat andre saker	

Saker til handsaming

PS 27/21 Godkjenning av sakliste og innkalling

Handsaming i Arbeidsmiljøutval - 11.11.2021

Saker til eventuelt som tas etter saker på dagsorden:

- Helsekartlegging i kulturskulen
- Møteplan 2022
- Leiing av AMU i 2022
- Julebord

Sakliste og innkalling vart samrøystes godkjent.

Vedtak i Arbeidsmiljøutval - 11.11.2021

Sakliste og innkalling er godkjent.

PS 28/21 Godkjenning av protokoll frå forrige møte

Handsaming i Arbeidsmiljøutval - 11.11.2021

Protokoll frå møtet 17. august vart samrøystes godkjent.

Vedtak i Arbeidsmiljøutval - 11.11.2021

Protokoll frå møtet 17. august er godkjent.

PS 29/21 Avvik som har kome inn

Handsaming i Arbeidsmiljøutval - 11.11.2021

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Arbeidsmiljøutval - 11.11.2021

Utvalet tek informasjonen til vitande.

PS 30/21 Orientering om sjukefråvær i 1. og 3. kvartal 2021

Handsaming i Arbeidsmiljøutval - 11.11.2021

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Arbeidsmiljøutval - 11.11.2021

Sjukefråværsstatistikken for 1. og 3. kvartal 2021 vert teke til vitande.

Rådmannen si tilråding:

Sjukefråværsstatistikken for 1. og 3. kvartal 2021 vert teke til vitande.

PS 31/21 Ny revidering av Personalpolitiske retningslinjer

Handsaming i Arbeidsmiljøutval - 11.11.2021

Forslag frå Utdanningsforbundet, Fagforbundet og hovedvernombod:

Dei personalpolitiske retningslinjene er oppdaterte og tilpassa ønska endringar.

Administrasjonen rår til fylgjande reglar for spesifikke permisjonar:

Når ein tilsett ynskjer å jobbe hos ein annan arbeidsgjevar, kan den tilsette få innvilga eitt års permisjon utan løn dersom:

- Den tilsette har vore tilsett i Seljord kommune i 5 år eller meir
- Permisjonen er ikkje til vesentleg ulempe for drifta

Tre stemmer for forslaget til UDF/Fagforbundet/HVO. To stemmer for forslaget til rådmannen.

Vedtak i Arbeidsmiljøutval - 11.11.2021

Dei personalpolitiske retningslinjene er oppdaterte og tilpassa ønska endringar.

Administrasjonen rår til fylgjande reglar for spesifikke permisjonar:

Når ein tilsett ynskjer å jobbe hos ein annan arbeidsgjevar, kan den tilsette få innvilga eitt års permisjon utan løn dersom:

- Den tilsette har vore tilsett i Seljord kommune i 5 år eller meir
- Permisjonen er ikkje til vesentleg ulempe for drifta

Rådmannen si tilråding:

Dei Personalpolitiske retningslinjene for tilsette i Seljord kommune blir vedtekne slik dei ligg føre.

PS 32/21 Budsjett 2022 med handlingsdel, budsjett og økonomiplan 2022 - 2025

Handsaming i Arbeidsmiljøutval - 11.11.2021

Forslag frå kommunalsjef Ronde Schade:

Arbeidsmiljøutvalet tek rådmannen si tilråding til vitande.

Arbeidsmiljøutvalet er bekymra over den økonomiske situasjonen i kommunen. Ein har merkja seg at rådmannen ikkje har funne rom for tiltak frå dei ulike programområda og ber om at dette blir vurdert nøye i den vidare budsjetthandsaminga

Forslaget frå kommunalsjef Ronde Schade vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Arbeidsmiljøutval - 11.11.2021

Arbeidsmiljøutvalet tek rådmannen si tilråding til vitande.

Arbeidsmiljøutvalet er bekymra over den økonomiske situasjonen i kommunen. Ein har merkja seg at rådmannen ikkje har funne rom for tiltak frå dei ulike programområda og ber om at dette blir vurdert nøye i den vidare budsjetthandsaminga

Rådmannen si tilråding:

1. Kommunestyret vedtek forslag til budsjett 2022 og økonomiplan/handlingsprogram 2022-2025 slik det ligg føre i innstillinga frå rådmannen. Jf. kommunelova § 14-3. 4 ledd, vert framlegg til økonomiplan og årsbudsjett lagt ut til offentleg ettersyn i 14 dagar.
2. Det kommunale skatteøyret vert fastsett til dei maksimalsatsar som Stortinget vedtek.
3. Kommunestyret vedtar følgjande for eigedomsskatteåret 2022 i Seljord kommune:
 - A. For eigedomsskatteåret 2022 skal det skrivast eigedomsskatt på faste eigedomar i heile kommunen, jf. eigedomsskattelova § 3 første ledd bokstav a.
 - B. For eigedomsskatteåret 2022 skal det òg skrivast ut eigedomsskatt på eit "særskilt fastsett grunnlag" i samsvar med overgangsregelen til eigedomsskattelova §§ 3 og 4 første ledd. Det særskilte grunnlaget skal i 2022 vere lik 3/7 av differansen mellom eigedomsskattegrunnlaget i 2018 og 2019 som er forårsaka av at produksjonsutstyr og installasjonar ikkje skal reknast med i grunnlaget for verk og bruk, som frå og med 2019 blir rekna som næringsseigedom.
 - C. Den alminnelege eigedomsskattesatsen for skatteåret 2022 er 7 promille. For bustadar og fritidsbustadar er skattesatsen for skatteåret 2022 1 promille. Jf. eigedomsskattelova § 11 første ledd og § 13 andre ledd.
 - D. Eigedomsskatten vert skriven ut i tre terminar, jf. eigedomsskattelova § 25 første ledd, med forfall 20. mars, 20. juli og 20. november.
4. Investeringsbudsjettet vert vedteke slik det går fram av «Bevillingsoversyn investering» og «Investeringar i varige driftsmidlar». Sum investeringsutgifter i 2022 er kr 48.112.000 Opptak av lån i 2022 er kr 27.617.000. I tillegg kjem kr 1.000.000 i Startlån til vidare utlån.
5. Driftsbudsjettet vert vedteke slik det går fram av «Bevilgningsoversyn drift, del A og B». «Sum bevilgningar drift, netto» er i 2022 kr 218.638.484, som er vedteke fordelt på programområder, einingar, ansvar og del av ansvar, slik det går fram av «Bevilgningsoversyn drift del B».
6. Kommunale avgifter vert vedtekne etter prinsippet om sjølvkost. Innan VARF-området vert sjølvkost rekna ut i frå prinsippet om 100% dekningsgrad. Andre kommunale prisar og gebyrsatsar

blir vedtekne slik det går fram av vedlegget «Oversyn over betalingsattsar for kommunale tenester 2022».

PS 33/21 Referat andre saker

Handsaming i Arbeidsmiljøutval - 11.11.2021

1 Møteplan 2022

18. januar, kl 0900 – 1300

26. april, kl 0900 – 1300

24. august, kl 0900 – 1300

10. november, kl 0900 – 1500

2 Julebord

Julebordet gjeng av stabelen fredag 27. november. Rådmannen ba om hjelp til å pynte lokalane. Det kom opp forslag om at elevar ved ungdomsskulen kan få dette som prosjektoppgåve – Øyfrid Garborg S. Aufles fyljer det opp og gir tilbakemelding.

3 Leing av AMU i 2022

Rådmannen forslø at representantar frå administrasjonen og representantar frå dei tillitsvalde og vernetenesten deler på oppgåven om å leie AMU. Det var einighet om dette. Sigbjørn Tvitekkja overtek som leiar i 2022 og 2023. Det må frå 2022 veljes ein ny frå administrasjonen til å godkjenne protokoll.

4 Nytt stoffkartotek

Arbeid med eit nytt og betre system er i gangsett. Ein skal sjå på moglegheiten å gjere felles innkjøp i Vest- Telemark.

5 Helseundersøking i kulturskulen

Bedriftshelsen orienterte om helsekartlegging ved Kulturskulen. Arbeidsmiljøet i Kulturskulen opplevast som positivt. Klang- og lydforhold på Granvin er ikkje optimale. Tilrår innkjøp av støypropper.

6 Ny bedriftshelseteneste

AMU stiller spørsmål om val av ny bedriftshelseteneste har skjedd på rett måte og tilstrekkeleg grunnlag. Har AMU vore orientert og involvert, jf. AML§7-2 (2) A sine krav til val av bedriftshelseteneste. AMU ber om orientering i høve til prosess og oppseiing knytt til val av ny bedriftshelseteneste. HVO, Fagforbundet og Utdanningsforbundet krev at det blir kalla inn til nytt møte i AMU så raskt som mogleg for å avklare denne saka. Møtet kan takast på teams.

Vedtak i Arbeidsmiljøutval - 11.11.2021

Ingen vedtak.